



I Øvre Halsabrotet blir det ikkje vassproblem (Foto: Ola Matti Mathisen)

Konsulentfirmaet J. Tufteland har vurdert behovet for vatn til nye byggjefelt i Uskedalen og iikkje avdekka ålvorlege problem ved ein auke frå 400 til 500 husstandar.

Det einaste problemet kan knyte seg til behovet for brannvatn.

- Vi har nok vatn for den utbyggjing som no blir planlagt, sa formann Hans Reidar Kjærland i vassverkstyret under årsmøtet i kveld. Han gjekk utifrå at det blir bygt 40 bustadar i Nedre og Øvre Halsabeotet (opp til kote 50) og 60-70 bustadar i Ospelunden (opp til kote 75).

Eit viktig punkt i vurderinga har vore behovet for trykkauke og/eller høgdebasseng på grunn av at det blir bygt så høgt. Konklusjonen er at eit tilstrekkeleg vasstrykk vil gå greitt opp til kote 70.

Totalforbruket for dei 400 abonnentane i dag er 7-8 liter i sekundet og dei 100 nye vil trenga 2 liter. Vassverket ser for seg at desse vil dekkja behovet dei neste 25 åra og meir til.

Når det gjeld brannvatn vil det oppstå problem over omlag kote 50. Konsulenten meiner at ein for å dekkja Ospelunden må vurdere byggjing av høgdebasseng sentralt i området over kote 100, men dette må drøftast med kommunen.

Av Ola Matti Mathisen